

HORDALAND FYLKESKommUNESaknr. **200306858** Dok.nr. **38**

Møre og Romsdal fylke

18 MARS 2004Arkivnr. **027**Saksh. **MTDR**

Eksp.

U.off.

Statens vegvesen
Region Midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE



Dykkar ref.:

Dykkar dato:

Vår ref.:

MR 4402/2004/

Vår saksbehandlar:

Kari Gagnat, 71 25 81 73

Vår dato:

08.03.2004

Konsekvensar for næringslivet ved endring i riksregulativet for ferjetakstar - uttale

Fylkesutvalet handsama denne saka i møte 23.2.04, og gav følgjande uttale:

Møre og Romsdal fylke viser til brev frå Statens vegvesen datert 19. desember 2003 om "Revisjon av Riksregulativet for ferjetakstar - nye prøvesamband."

Vi vil med dette utrykke at vi har forståelse for at det blir utarbeida eit samordna billettsystem med elektronisk billettering. Vi stiller oss negative til at det er næringslivet som skal betale for dette.

Næringslivet i Møre og Romsdal er hardt ramma frå før med høge transportkostnader i form av ferje- og bompengeutlegg, tidstap osv. Får næringslivet i tillegg ein ytterligare auke i ferjetakst på 30-40%, så er dette alvorleg.


At avstand generelt vil påverke takstane meir i det nye takstsystemet slik at lange ferjestrekningar kjem relativt dårlegare ut enn i dag, vil verke ugunstig i distrikta, ettersom dei lengste ferjesambanda særleg betener tynt folka områder og øysamfunn langs kysten. Det er i slike utkantar at ein stor del av verdiskapinga skjer.

Næringslivet i distrikta har i dag store avstandsulempjer i form av transportkostnader. Staten vil med dette grepet ytterligare svekke konkurranse evna til det eksportretta næringslivet i Kyst-Noreg, stikk i strid med dei verbale signala frå Storting og regjering.

Det nye takstsystemet gjev dei ferjereisande ei sterk motivering til å reise fleire i same bil. Dette kan vere praktisk vanskeleg å gjennomføre på mange arbeidsreisestrekningar her i fylke. Dersom målet er å redusere bruken av bil er det meir effektivt å sette i verk tiltak rundt dei største byane, der det er muleg å nytte kollektivtransport innanfor bu og arbeidsmarknadsregionar.

Møre og Romsdal treng høgfrekvente ferjesamband til rimelege kostnader som grunnlag for å lokalisere og drive næringsverksemd.

Med helsing



Jon Aasen



Bergjot Landstad

Kopi:
Samferdselsdepartementet
Mørebenken, Stortinget
Vestlandsrådet